



Sak nr 44/2010

Møtedato: 18.10.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S850

## **S850, Kinnhølt – samanslåing av bruk**

Frå Vestre Slidre kommune har fjellstyret motteke ein søknad om frådelling av tunet på 88/3 til uttale. Landbrukseininga til søkjaren består av to bruk; Bjørkheim 88/3 og Lahaug 50/2. Eigaren er busett på Lahaug. Det blir søkt om å få dele frå det gamle tunet på Bjørkheim og er ledd i overdraging av garden til yngre generasjonar. Det er opplyst at den eine sonen skal overta hovudbruket, medan den andre sonen skal overta tunet på 88/3 som bustadtomt. Dei ynskjer å dele frå ei tomt på ca 2,0 daa, som inkluderer eksisterande bygg og går ikkje inn på dyrka mark.

Ved frådelling av bruket ynskjer kommunen å samanføye dei to bruka til eitt gnr/bnr. Begge bruka har støl og det er ein føresetnad frå søkjaren at begge stølane følgjer om ein skal gjennomføre ei samanslåinga. Stølen til 88/3 ligg på Kinnhølt (S850). Den andre stølen (S660) ligg ved Vaset. Ved samanslåing vil ikkje jordvegen til 88/3 bli redusert, men bruket vil ikkje lengre vera ei sjølvstendig eining.

Det er ikkje klare føringar i fjellov eller stølsforskrift om kva som skal skje med stølen i slike tilfelle. Dersom stølen til 88/3 (S850) ikkje følgjer den nye brukseininga, er det tre alternative løysingar: Alternativ 1 er å lyse ledig stølen for bruk med behov for støl. Alternativ 2 er å opprette fritidsfeste. Dette er har det vore lang praksis på å ikkje tillate dette og det samsvarar med reglane i kommuneplanen. Alternativ 3 er at stølshusa blir fjerna og stølsvollen lagt i det fri. Stølen til 50/2 (S660) vil ikkje bli påverka av samanslåinga.

Etter behovet for nye stølar har gått ned, har det vore praksis at stølar følgjer med ved samanslåing av bruk. I følgje Statskog si juridisk avdeling (29.8.01) tilrår dei at ein held fram med denne praksisen.

## **Vedtak:**

Fjellstyret godkjenner at S850 går inn i den nye brukseininga.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 18.10.10

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Statskog  
Ola Nordli